



Arbeiderpartiet



PROGRAM 2023-2027

Fedje – trygt å bu, godt å leve

Fedje - trygt å bu, godt å leve

Den 11. september går Arbeiderpartiet til val på at på Fedje skal det vere trygt å bu og godt å leve. Lokalval handlar om dei nære fellesskapa me alle er ein del av. Korleis me vil ha det her me bur. Arbeiderpartiet går til val for å styrke tenestene i kommunen. Me satsar på ein sterk offentleg omsorg og eit meir forpliktande samarbeid med dei frivillige organisasjonane.

Våre saker!

Skape arbeidsplassar og eit seriøst arbeidsliv

- Aktivt hjelpe dei som ønskjer å etablere næring her.
- Utvikle nye områder for næring både på land og på sjø.
- Utvikle turisme som tek vare på natur og kultur på ein god måte
- Understreke at maritimt arbeid gir gode vilkår for å bu og leve på Fedje
- Heiltid skal vera regelen for dei som ønskjer det, deltid skal vera eit val.
- Innføre stipendordning for ungdom som tek sjukepleiarutdanning.
- Innføre funksjonstillegg for sjukepleiarar.

Eit sunt og levande Fedje

- Heve kvikksølvet i U-864.
- Ta vare på løypene våre og dagsturhytta
- Styrke ENØK-fondet for å få betre energiøkonomisering i kommunale bygg.
- Gje betring av vegstandarden på dei kommunale vegane høg prioritet.
- Betre trafikktryggleiken for både gåande og køyrande.
- Opprette BUA - Utlånssentral for fritidsutstyr
- Gje kyrkjebygg og toalettfasiliteta universell utforming.



- Utbetre kyrkjebygg og toalettfasiliteta.
- Oppgradere badeplassen for å nytte heile området i større grad, og sjå på trafikkisikring opp mot fylkesvegen.

God helse og livskvalitet for alle

- Jobbe vidare med Fedje Helsetun
- Utvide styrketreningsrommet i Fleirbrukshallen så snart som mogleg.
- Opprette ein Frivillighetssentral.

Ein god oppvekst varar heile livet

- Vidareutvikle Fedje ungdomsklubb som ein sosial arena.
- Sjå på ei mogleg samorganisering av skule og barnehage i eit oppveksttun.
- Prøve ut leksefri skule.
- Arbeide for å få på plass eit museum og ei krigshistorisk løype som kan vise Fedje si unike historie.

SKAPE ARBEIDSPLOSSAR OG EIT SERIØST ARBEIDSLIV

- NÆRING SOM PRIORITET NR 1

Me er avhengig av kvar einaste arbeidsplass på Fedje, difor må me aktivt hjelpe dei som ønskjer å etablere næring her. I og med at det ikkje lenger er kommunale midlar som kan vera starthjelp, er god kommunal rettleiing ekstra viktig. Då kan ein mellom anna få informasjon om ulike aktuelle ordningar for næringsstøtte.

Næringsfond og næringsutvikling

- Fedje Arbeiderparti ønskjer å byggje opp det kommunale næringsfondet att. Det må mellom anna gjerast ein jobb for å skaffe fylkeskommunale og statlege midlar til dette.
- I tillegg vil Fedje Arbeiderparti arbeide for å utvikle nye område for næring både på land og sjø. Aktuelle område må forankrast i kommunedelplanen.

Turisme

Turisme er ei næring i vekst, og kan bli ei stor næring på Fedje i åra som kjem.

- Eit godt samarbeid mellom kommunen og dei ulike aktørane vil vere viktig.
- Me må vere bevisste på å skape ein god balanse mellom aktiviteten og naturen og kulturen på staden.
- Me må ta vare på det unike med Fedje, og vise det fram på ein god og berekraftig måte

Fedje kommune som arbeidsplass

- Kommunen er naturleg nok den største arbeidsgivaren, og Fedje Arbeiderparti ser det som viktig at



kommunale stillingar så langt som mogleg er plasserte i eigen kommune.

- Heiltidsstilling skal vere regelen for dei som ønskjer det, og deltidstilling eit val. Fast stilling skal vere hovudregelen, i tråd med Arbeidsmiljølova.
- Me går inn for at kommunen skal opprette fleire faste læreplassar som skal lysast ut kvart år. Læreplassar er viktige i utdanningstilbodet.
- Det er spesielt utfordrande å rekrutere kvalifiserte sjukepleiarar. Fedje Ap ønskjer opprette ei stipendordning gjennom studieåra for dei som tek utdanninga. Vi ser for oss ei ordning der ein kan få stipend, samstundes som ein arbeider i høgtider og sommarferie i studietida- og i eventuelle bindingsår. I tillegg vil me innføre eit funksjonstillegg for å jobbe som sjukepleiar på institusjon og i heimesjukepleia.

EIT SUNT OG LEVANDE FEJDE

Fedje har eit stort og unikt naturmangfald. Det må me ta godt vare på! Difor sluttar aldri Fedje Arbeiderparti å jobbe for å heve kvikksølvet i U-864. Og – kvikksølvet i U-864 skal opp frå havet! Det kjem me ikkje til å gje oss på!

Dagsturhytta og nordsjøløypa

- Me må halde ved like dei gode fritids- og publikumstilboda me har. Langs dei mange fine løypene våre vil me leggje til rette for nye møteplassar og fleire aktivitetar.
- Me ønskjer betre tilgang, betre skilting og betre parkeringstilhøve
- Me vil vidareutvikle området rundt dagsturhytta mellom anna ved å få på plass eit toalett.

Badeplassen

- Badeplassen vert nytta av mange store delar av året. Fedje Arbeiderparti vil oppgradere badeplassen sånn at ein kan nytte heile området i større grad enn i dag.
- I tillegg vil me sjå 60 spesielt på trafikksikring i det området opp mot fylkesvegen.

Energi i kommunale bygg

- Me vil styrke det kommunale Energiøkonomiseringsfondet (ENØK). Gjennom dette fondet skal me effektivisere og forvalte energien rett.
- Sjå på om ein kan nytte andre energikjelder i kommunale bygg.



Vegane våre

- Fedje Arbeidarparti meiner at det no må gjerast eit krafttak for å få orden på vegnettet og betre trafikktryggleiken for både gåande og køyrande på Fedje. Me går difor inn for at det snarast, gjennom dialog med vegvesen og fylkeskommune, kjem på plass ein avtale som aukar innsatsen på fylkesvegnettet på Fedje.
- Når det gjeld det kommunale vegnettet, er det kommunen sjølv som prioriterer. Fedje Arbeidarparti vil setje asfaltering, utbetring og trafikkisikring av det kommunale vegnettet på Fedje svært høgt på prioriteringslista.
- Fedje skal vere framkommeleg, også når ein nyttar dei kommunale vegane. Me vil ha eit levande samfunn som inkluderer alle.

GOD HELSE OG LIVSKVALITET FOR ALLE

Å bu på Fedje skal vere trygt. Fedje skal by på gode helse- og sosialtenester for alle aldersgrupper også i framtida. God livskvalitet for alle, i alle aldrar, som bur her er eit viktig mål.

Fedje Arbeiderparti vil difor arbeide vidare for å få på plass eit nytt og tidshøveleg Fedje helsetun der helse- og sosialtilboda blir samla under same tak. Det gjeld mellom anna alders- og sjukeheim, legetenester, fysioterapi og helsestasjon. Det vil først og fremst vere viktig for dei som bruker tenestene, men vil og vere nyttig for å halde på, rekruttere og vidareutvikle fagpersonellet.

Frivillighetssentral

Utan dei mange frivillige hadde ikkje Fedje gått rundt. Det er svært mange som gjer ein heiderleg innsats i det frivillige arbeidet på øya.

- For å gjere vegen endå kortare mellom kommunen og desse ser Fedje Arbeiderparti behovet for å opprette ein frivillighetssentral. Denne skal mellom anna leggje til rette for meir aktivitet, kartlegge udekka behov og ha som mål å organisere og samle dei frivillige ressursane me har på Fedje.

Ein god alderdom

Dei eldre på Fedje er ei ressurssterk og mangfaldig gruppe. Me vil sikre alle ein god alderdom, og gje pårørande betre støtte og hjelp.

- Me vil gjere det enklare for eldre å bu i eigen heim så lenge som råd.
- Me vil gjere vårt for at alderdomen vert fylt med



aktiviteter, mening og meistring, mellom anna gjennom det nasjonale tilbodet den kulturelle spaserstokken.

- Fedje Arbeidarparti vil utfordre seniorane til å ta i bruk dei store ressursane som dei representerer i arbeidsliv, samfunnsliv og frivillig arbeid.

Styrkerom og trening innandørs

- Det må gjerast eit arbeid for å utvide styrketreningsrommet i Fleirbrukshallen så snart som mogleg. Tilbodet er svært populært i alle aldersgrupper og betyr mykje for trivsel og folkehelse, men kapasiteten på det eksisterande rommet er sprengt.

EIN GOD OPPVEKST VARAR HEILE LIVET

Fedje - Ein trygg plass å vekse opp

Fedje er ein trygg plass å vekse opp. Barn og ungdom er inkluderande og tek vare på kvarandre.

Fedje ungdomsklubb

Ungdommen er framtida vår. Me i Fedje Ap er stolte av at me no har ein fritidsklubb for ungdomen på Fedje, og at det er kommunale ressursar knytt til denne. Dette er og har vore ein viktig sak for oss. Dei som jobbar der driv oppsøkjande og førebyggjande arbeid og tek tak i det ungdommen er oppteken av.

- Me ønskjer å halde fram med å styrke tilbodet til ungdom i kommunen. Gjennom å aktivt søke midlar, og tilby varierte aktivitetar i trygge rammer på kveldstid og i feriar.

Fedje barnehage og skule

Fedje Ap er oppteken av at me skal ha ein god barnehage og ein god skule der ressursane i først og fremst er retta mot barna.

- Med låge barnetal er det på tide og sjå på ei mogleg organisering av skule og barnehage til eit felles oppveksttun. Ressursane kan nyttast meir heilskapleg. Vegen frå barnehage til skule vil verte kortare noko som vil føre til eit betre samarbeid til det beste for barna.

Leksefri skule

Heimearbeid er ein del av læraranes metodefridom og ansvar, og kan bidra til å styrke samspelet mellom elevar, foreldre og skulen når det vert gjort på rett måte.



- Fedje Ap vil at skulen vår skal bli meir medviten når det gjeld bruken av lekser og prøve ut å vere leksefri skule. Skulen skal ha som hovudregel at skulearbeidet skal bli gjort på skulen. Dette vil dempe unødvendig leksepress, men framleis gje lærarane metodefridom.

Kultur

Kulturtilbodet på Fedje er eit samarbeid mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane.

- Me vil oppretthalde dei gode tilboda me har i kulturskulen.
- Fedje Arbeidarparti støttar Historielaget sitt arbeid for å få på plass eit lokalt museum som kan vise Fedje si unike historie. Me vil arbeide for å synleggjere Fedje si unike krigshistorie, eit døme på dette er å skape ein krigshistorisk løype.



1.plass Kamilla B. Kalsen
4.plass Einar Villanger

2.plass Hans Erik Waage
5.plass Anna Marit Storemark

3.plass Gidske B. Kolltveit
6.plass Jan Erling Borge

Våre kandidatar!

1. Kamilla B. Karlsen

35 år, bur på Nygård. Jobbar som lærar på Fedje skule.

2. Hans Erik Waage

45 år, bur i Vågane. Jobbar som skipsførar.

3. Gidske B. Kolltveit

59 år, bur på Æskjæret. Har jobba som sveisar.

4. Einar Villanger

45 år bur i Markje. Jobbar som matros og kokk.

5. Anna Marit Storemark

68 år, bur på Husa, er pensjonist.

6. Jan Erling Borge

40 år, bur . Jobbar som fagskuleingeniør og byggmeister.

7. Brit Gunn Tangen

65 år, bur i Byggefeltet. Har jobba som lærar.

8. Jan Håkon Husa

63 år, bur i Byggefeltet. Jobbar som skipsførar.

9. Thea Koppen Blomvågnes

23 år, bur på Kopper. Jobbar for tida som cast medlem i Disney World.

10. Inge M. Waage

74 år, bur i Vågane, er pensjonist.

11. Silje Lilleaas

27 år, bur i Byggefeltet. Jobbar som lærar på Fedje skule.

12. Stian Storemark

40 år bur på Sulhøyen. Jobbar som maskinsjef.

13. Vilgerd S. Husa

78 år, bur på Strengen. Har jobba som Adjunkt og undervisningsinspektør.

14. Torkild M. Ratcliffe

20 år, bur på Lamhaugen. Jobbar på fiskeoppdrettet på Fedje.

15. Petter Svenning

21 år, bur på Kopper. Jobbar som tømrrar hjå Borge bygg.

16. Arild Karlsen

63 år, bur i Byggefeltet. Jobbar som vedlikehaldsleiar på Gullfaks B.